



Seim Bygg AS
Nesbrekka 28
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6045 - 14/18599

Saksbehandlar:
Trine Haukås
Trine.Haukas@lindas.kommune.no

Dato:
19.08.2014

Førebels melding om motteken byggjesak FVL § 11 - Gbnr 137/748 Alver

Vi stadfestar å ha motteke dykkar søknad 13.08.2014 og saka har saksnummer 2014/6045. Saka vert no gått gjennom i høve til dokumentkrava som er sette i plan- og bygningslova med forskrifter. Dersom det er trong for tilleggsdokumentasjon vert dette etterspurd i eige brev. Tidsfristar for handsaming går fram av plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 og byggesaksforskrifta kap. 7. Hovudregelen er at tidsfristane skal haldast, men fristen vert likevel avbroten dersom søknaden ikkje er komplett. Den tida det tek ansvarleg søkjar/tiltakshavar å senda inn tilleggsinformasjon til søknaden vert ikkje rekna med i sakshandsamingstida. Fristar som følgjer av plan- og bygningslova § 21-7 og byggesaksforskrifta § 7-1 vert automatisk forlenga, jf. byggesaksforskrifta § 7-2 (1). Viss saka krev løyve eller samtykke frå anna styresmakt, jf. plan- og bygningslova § 21-5, vert fristen automatisk forlenga med den tida det tek å innhente løyve eller samtykke, jf. byggesaksforskrifta § 7-3.

Sakstype	Tidsfrist
Søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-1 og 20-2, som ikkje medfører dispensasjon frå plan.	12 veker
Søknad om dispensasjon frå plan eller søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-1 og 20-2 som krev dispensasjon frå plan	Ikkje lovpålagt frist
Søknad om løyve til tiltak etter §§ 20-1 og 20-2, der tiltaket er i samsvar med reglar gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og der det ikkje føreligg merknader frå naboar /tverrbuarar, og løyve, samtykke eller uttale frå anna mynde (t.d. jordlov, kulturminnelov, fylkesmann) ikkje er nødvendig. Dersom fristen ikkje er halden, vert løyve rekna som gjeve og arbeidet kan setjast i gang.	3 veker
Søknad om løyve til tiltak etter § 20-2, der det føreligg protestar frå naboar/tverrbuarar, men tiltaket elles er i samsvar med reglar gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og løyve, samtykke eller uttale frå anna mynde (t.d. jordlov, kulturminnelov, fylkesmann) ikkje er	3 veker



nødvendig. Dersom fristen ikkje er halden, vert løyve ikkje rekna som gjeve. Arbeidet kan ikkje setjast i gang.	
Søknad om rammeløyve og søknad om endring av rammeløyve.	12 veker
Søknad om igangsetting	3 veker
Søknad om ferdigattest der komplett søknad er sendt inn. Dersom fristen ikkje er halden kan byggverket takast i bruk.	3 veker
Søknad om mellombels bruksløyve, der komplett søknad er sendt inn.	3 veker

Det kan i den enkelte sak avtalast lengre frist enn fastsett i plan- og bygningslova § 21-7 og i byggesakforskrifta, jf. plan- og bygningslova § 21-8.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.
Det vert gjort merksam på at gebyr skal betalast sjølv om søknaden vert avslegen.

Med helsing

Trine Haukås
sekretær

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Seim Bygg AS

Nesbrekka 28

5912

SEIM